




**DET TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE FAKULTET**

**MASTEROPPGAVE**

Studieprogram/spesialisering:  Konstruksjonar og Materialer, Byggkonstruksjonar	Vår.....semesteret, 20.16.  Åpen / <del>Konfidensiell</del>
Forfatter:  Ole Garborg Østrem	 (signatur forfatter)
Fagansvarlig: Kjell Tore Fosså	
Veileder(e): Terje Skårlund	
Tittel på masteroppgaven:  Samvirke mellom yttersjikt og innersjikt i sandwichelement med ikkje-metalliske sjiktforbindrar	
Engelsk tittel:  Composite action between inner and outer wythe in sandwichelements using non metallic connectors	
Studiepoeng: 30SP	
Emneord:  Beton, sandwichelement, samvirke, fiber, sjiktforbindar,	Sidetal: .75.....  + vedlegg/annet: .15.....  Stavanger, .23/6.-16..... dato/år

## Samandrag

I denne oppgåva er det testa ut ståande slanke veggelement armert med basaltfiber i yttersjiktet. Betongsjikta er forbundne med ein type sjiktforbindarar av glasfiber som hittil har vore i lite bruk i Noreg, men som i stor grad blir nytta i blant anna USA. Elementa er samanlikna med eit referanseelement med eit yttersjikt armert med ei K189 armeringsmatte og kor det er nytta vanlige PDM-sjiktforbindarar. Målet var å finne momentkapasiteten og dermed kor store vindlaster elementa kan ta opp før dei rissar samt kor stor grad av samvirke desse nye sjiktforbindarane gir.

Forutan dei praktiske forsøka er det også laga MN-diagram med tilhøyrande berekningar for å finne den teoretiske makskapasiteten til elementa. Det er også blitt rekna på korleis momentet har fordelt seg gitt at elementet er utan aksialbelastning. I denne berekninga er det samanlikna kor store spenningar elementa fekk gitt at dei er utan samvirke og gitt at dei har fult samvirke. Til slutt er dei faktiske resultata samanlikna med dei teoretiske kapasitetane.

Forsøka gav varierande resultat. Ettersom elementa av praktiske årsakar blei testa liggende medan dei i verkeleg bruk vil bli belasta ståande er det også vanskeleg avgjer kor sikre resultata er. Elementa var belasta med ei aksialkraft i innersjikta medan momentkrafta blei påført. Under forsøka blei det målt nedbøyning og kor stor avstand det var mellom dei ytste rissa i yttersjiktet. Det er også tatt trykkprøvar av begge sjikta for alle elementa.

Utifrå resultata ser det ut til at referanseelementet er det sterkeste, men at det eine fiberarmerte elementet også er sterkt nok til å bli nytta i verkelege bygg. Graden av samvirke ser ut til å vera nokså lik uavhengig av type sjiktforbindar så lenge isolasjonssjiktet er likt. Det var likevel vanskeleg å måle. Fiberarmert betong har lågare restkapasitet enn eit betongsjikt med ei armeringsmatte har. Det kan samstundes sjå ut til at fiberarmert betong har høgare strekkstyrke enn vanlig betong.

## **Innhald**

Samandrag.....	1
Forord .....	4
Innleiing .....	5
Teori.....	6
Veggelement .....	6
Avstivingssystem .....	8
Innspente/utkraga.....	8
Rammeverk.....	8
Skivebygg.....	8
Bokssystem.....	8
Samvirke .....	10
Sjiktforbindrar .....	13
Analyse av sandwichelement .....	16
MN-diagram .....	18
Eksperimentelt .....	46
Hensikt.....	46
Produksjonen.....	46
Utføring .....	48
Resultat.....	49
1250.....	50
1220.....	52
1180.....	54
Reint bøyemoment .....	56
Diskusjon .....	71
Utføring av forsøka.....	71
Samvirke .....	71
Fiberbetong .....	72
Elementa.....	73
Konklusjon .....	74
Referansar .....	75
Vedlegg .....	76
Blanderapportar .....	76
Elementteikningar .....	85

1250.....	85
1220.....	86
1180.....	87
Plassering av CC sjiktforbinderar.....	88
Bilete frå produksjonen .....	89

## Forord

Denne oppgåva er eit resultat av ei satsing på fiberarmert betong hjå Block Berge Bygg. Det starta forsiktig med ei bacheloroppgåve i 2014 om basaltfiber i veggelement skrivet av meg og blei vidareført med ei masteroppgåve om den same basaltfiberen av min kollega Jørn Eirik Espedal året etter. Denne oppgåva er derfor eit resultat og ei vidareføring av denne satsinga gjennom desse åra og byggar dermed vidare på heilt ny forsking utført her hjå Block Berge Bygg samstundes som ho tar eit steg vidare over til fullskala element. Utan dei enorme ressursane Block Berge har stilt opp med og deira ønskje om å få dette til hadde det ikkje latt seg gjera. Eg har hat eit stort apparat med dyktige fagfolk med meg gjennom heile prosessen og vil gjerne takke dei for deira forståing, innsats og velvilje. Eg veit at ikkje alle meiner at dette er noko å satse på, men dei bidrar og hjelper til likevel. Det har derfor vore ei stor glede å skrive og utføre denne oppgåva for Block Berge. Det har vore gøy og hjulpet meg mykje å få jobbe for Block Berge dei siste tri åra av studietida mi, både det første halvanna året med produksjon av veggelement ute i fabrikken og den siste tida som LEAN-koordinator m.m. inne på kontoret. Eg har lært mykje innan ingeniørfagfeltet, men også mykje innan handverkarområdet, noko eg trur dei færreste ingeniørstudentar kan seie.

Eg vil rette ein takk til faglæraren min på UiS, Kjell Tore Fosså, som har stått klar til å hjelpe til der det trengs og rådgivet meg når eg hadde behov for det. Det skal også rettast ein takk til Irene Pollestad i Block Berge som har brukt mykje av tida si på å lage profesjonelle teikningar av elementa. Til Bjørn Stian Sjursen, Jørn Eirik Espedal og Nils Aadne Sinnes må eg også seie takk for å ha svart på alt eg lurer på av berekningar. Vidare er det mange andre i Block Berge, blant anna Eyvind Time, Håvard Aase og Jan Erik Aunevik, som har bidratt med sitt for å få dette til å fungere og bli fullført. Ein stor takk til alle saman.

Eg må likevel få utdele ein ekstra stor takk til Harald Kuven, veteranen i Block Berge Bygg, som har vore med meg gjennom alt det praktiske og fått alt til å virke enkelt. Dette hadde ikkje gått utan han. Ein ekstra stor takk må eg også gi til Terje Skårland som gav meg denne oppgåva og som har fungert som vegleiar her i Block Berge.

Det har blitt nokre lange dagar og seine kveldar med lesing, berekningar, teikning og skriving. Det har også blitt ein god del sveittedråpar og litt småsår ettersom eg i stor grad har vore med på å armere, støype og produsere alle elementa sjølv samt utført testane. Det har absolutt vore vert det og eg håpar at resultata frå dette arbeidet fører vidare til noko og at me snart kan sjå denne typen veggelement i bruk i byggverk.

## Innleiing

For å kunne vere konkurransedyktig i betonelementmarknaden må ein stadig utvikle og forbetre seg. Denne oppgåva går ut på nettopp det: utvikle og forbetre eit produkt. Produktet er eit ståande slankt veggelement til bruk i bygg med store opne rom på éin etasje som lagerhallar og jordbruksbygg. Veggelementet består til vanlig av eit 70mm innersjikt av betong, 100mm-200mm isolasjon og eit 80mm yttersjikt av betong. Begge sjikta er armert med armeringsjern og dei er forbundne med metalliske sjiktforbinderar. I denne oppgåva er det forsøkt å endre dette veggelementet sånn at det består av eit 50mm fiberarmert yttersjikt, 60mm-100mm isolasjon og eit 70mm innersjikt. I tillegg er dei metalliske sjiktforbinderane erstatta med sjiktforbinderar av glasfiber.

Fordelane med desse endringane er at det blir brukt mindre betong for kvart element og at kuldebruene gjennom sjiktforbinderane blir reduserte. Mindre betong betyr mindre utslepp. Dette kjem som ein direkte konsekvens av mindre betongproduksjon, men også indirekte av at ein kan lesse fleire element på kvart transportlass og at desse lassa veger mindre per element som fører til mindre transportutslepp for eit ferdig bygg. Sjiktforbinderar med minimal kuldebru gir mindre varmetap og dermed vil ein konstruksjon bygd med desse elementa krevje mindre oppvarming og dermed forbruke mindre energi. Som ein konsekvens av at elementet er tynnare og lettare vil forhåpentlegvis dette lette montasjedelen og gjer at dette arbeidet kan utførast fortare. Dette vil igjen gjer prosjektet billigare og meir konkurransedyktig.

I denne oppgåva er de støypt element i full storleik. Momentkapasiteten er testa for å sjå om elementa har tilstrekkeleg kapasitet til å ta dei vindlastene som vil kunne oppstå. For at dette skal vere mogleg bør det vera godt samvirke mellom sjikta. Under forsøka er elementa belasta med ei aksiallast som svarar til lasta frå eit snødekt tak.

Oppgåva startar med ein teoridel kor det blir gjort ei innføring i kva eit veggelement er, kva samvirke er, korleis sjiktforbinderar verkar og kva slags type avstivingssystem dei aktuelle veggelementa ofte blir nytta til. Deretter kjem ein analysedel som forklarer litt om korleis ein kan analysere eit sandwichelement og finne ut kor store belastningar dei kan bli utsett for. Denne delen blir avslutta med ein forholdsvis omfattande MN-analyse. Så kjem den eksperimentelle delen med produksjon og testing etterfølgd av resultata og fleire berekningar basert på desse resultata. Til slutt blir forsøket og resultata diskutert og oppsummert i ein konklusjon.

## Teori

### Veggelement

Eit veggelement av betong kan enten vera ein kompakt vegg eller eit isolert element, eit såkalla sandwichelement. Veggane kan vera påkledningselement med få eller ingen strukturelle og konstruktive eigenskapar eller det kan vera innstøypte søyler og bjelkar inne i veggane som gir dei store strukturelle og konstruktive eigenskapar. I eit sandwichelement vil som regel innersjiktet vera det bærande sjiktet og det er her søylene og bjelkane vil bli støypt inn. Yttersjiktet er ofte berre til stade for å beskytte isolasjonen og sjå fint ut. Det finnes likevel sandwichveggar kor innersjiktet er såpass tynt at også yttersjiktet må vera med på å ta opp kreftene. I sånne tilfelle er det vind og andre horisontallastar det er snakk om. Vertikallastene går nesten alltid berre gjennom innersjiktet. For at ein strukturell sandwichvegg med både tynt innersjikt og tynt yttersjikt skal kunne tåle kreftene som bli påført er det nødvendig med søylesoner i innersjiktet. Desse sonene blir det laga plass til ved å redusere tjukkleiken på isolasjonen. Eit element med både tynt innersjikt og tynt yttersjikt kan dermed vera rimeleg sterkt likevel dersom det er plass til kraftige søylesoner. I nokre element er det ikkje plass til så tjukke søyler. For at desse skal tåle belastningane som blir påført er det viktig at begge sjikta jobbar i lag. Dette bli kalla for samvirke. For å oppnå mest mogleg samvirke er det nødvendig å bruke sjiktforbindrarar. Alle sandwichelement må bruke sjiktforbindrarar, men nokre gir meir samvirke enn andre og desto nærmare dei står kvarandre desto større grad av samvirke blir oppnådd.

I denne oppgåva skal ein type sandwichelement av nettopp denne typen vidareutviklast. Elementet er eit ståande veggelement som frå før av består av eit 70mm innersjikt, 100mm – 200mm isolasjon og eit 80mm yttersjikt. Ytter- og innersjikta er originalt sett kopla i saman med




Bilete 1 – Typisk søylesone i eit element. Resten av innersjiktet er tynt.



Bilete 2 – Søylesona i eit av elementa nyttar  
i denne oppgåva

Bilete 3 – Søylesone på eit av dei ferdige elementa.

metalliske sjiktforbindrar av typen PDM forbindelsesstigar. Innersjiktet er armert med randarmering og ei armeringsmatte. Yttersjiktet er også armert med ei armeringsmatte og randarmering. Høgda kan kome heilt opptil 12 meter og breidda ligg ofte mellom 1,5 – 3 meter. Dette gjeld oftaast for elementa til bruk på kortsidene til bygget. Elementa til bruk på langsidene i byggverket er ofte lågare og dermed også noko breiare, gjerne 6 meter. Dette gir ei vekt per element på opptil 15 tonn, altså kan dei bli svært store, tunge og uhamslige med tanke på transport, løft og montasje.



Bilete 4 – PDM-sjiktforbindar

Vanlig bruk av denne typen vegg er i store hallar som fjøs, hønsehus, lagerbygg, produksjonshallar og liknande som treng store opne rom og berre skal vera éin etasje. Denne typen bygg gir små vertikale laster og derfor er det mogleg å nytte desse veggelementa med relativt tynne bærande innersjikt. Det er derimot store areal i denne typen bygg og vindlast vil derfor forårsake store belastningar. Derfor er det viktig at kreftene blir overført enten til eit rammeverk eller til veggane som går parallelt med vindretninga. Taket i denne typen bygg blir sett på som ei stiv plate og vil dermed vera med på å overføre kreftene direkte til veggane.

Byggverk av denne typen kan vera stivt av med eit rammesystem, men er oftaast stivt av med å bruke veggane som eit skivesystem og betrakte taket som ei stiv plate. Ettersom alle veggane er med på å stive av bygget blir det eit såkalla bokssystem. Ideelt sett har bygget ein breidde på 18-24 meter [1] og eit lengde breidde forhold på opptil 3:1 som gir ei typisk lengd mellom 54 og 72 meter. Dette er avhengig av dimensjonerande vindlaster og det er mogleg å få til bygg som er både større og har høgare lengde breidde forhold.

## Avstivingssystem

Det finnes i grove trekk tri typar avstivingssystem: innspenning/utkraging, rammeverk og skivesystem. Det finnes sjølv sagt underkategoriar av desse og fleire kombinasjonsmogleheter.

### Innspente/utkraga

Innspennte/utkraga konstruksjonar er også eit rammeverk, men dei er ikkje momentstive i knutepunkta. Eit rammeverk er etter nemninga momentstivt i knutepunkta. Utkraga system består av søyler som er innspente til fundamentet og bjelkar som ligg fritt opplagt på utkragingane til bjelkane. Frå bjelke til bjelke ligg det dekker som blir sitt på som uendeleig stive. Denne typen bygg er vanlig i industribygg opptil nokre etasjar høgt. Etter kvart som bygget blir svært høgt vil søyledimensjonane i botnen bli svært store og utbøyingane i toppen også bli store.

### Rammeverk

I eit rammeverk er som nemnt knutepunkt momentstive. Dette kan bli oppnådd ved armering, boltar, sveiste stålplater eller ved at elementa er prefabrikkerte på ein måte som gjer at knutepunkta mellom bjelke og søyle er momentstivt. Dei faktiske knutepunkta, der element og element knyttes saman, kan bli lagt der det er lite på kjenningar. Denne momentstivheita mellom bjelkar og søyler avgrensar oppleggsrotasjonen, stabiliserer rammene og reduserer momentet i fundamentet. Denne typen bygg fungerer godt på fleir-etasjars bygg, men det kan oppstå kompliserte knutepunkt. Prefabrikkerte element unngår desse kompliserte knutepunkta, men transport av sånne element kan være krevjande.

### Skivebygg


I skivebygg er det skivene som stiver av bygget ved å ta opp dei horisontale kreftene. Desse skivene er ofte ei heissjakt, trapperom eller berre skivevegger. Det blir også sett på som eit skive bygg dersom det er stivt av med fagverk mellom søylene. Det er vanlig at desse avstivande delane er prefabrikkerte. Det regnes teoretisk med at søylene i sånne bygg er ledslagra både ved fundamentet og mellom etasjane. På grunn av dette blir dekkene sett på som stive skiver. Denne typen bygg er den mest aktuelle for dei aller høgaste bygga. Ein spesiell variant av skivebygget er bokssystemet. Det er denne typen som er aktuell for elementet som blir utvikla i denne oppgåva.

### Bokssystem


Eit bokssystem er som nemnt ein form for skivesystem. Det som skiljar det litt ut er at her er alle veggane avstivande skiver. Horisontallastene blir fordelt utover dei veggane som står parallelt med kraftretninga. Det er heller ikkje alltid nødvendig med søyler og bjelkar i det heile tatt, utanom takstolar eller liknande til å bære taket. Taket blir sett på som ei stiv skive. Denne typen bygg blir brukt til lagerhallar, industribygg, landbruksbygg og andre bygg som krevjar store opne rom og som ikkje treng meir enn éin etasje. Det er altså ikkje egna til kontorbygg, leilegheiter og liknande kor det er ønskjeleg med fleire etasjar. Desse bygga kan bli svært store i areal så lenge lengde/breidde forholdet ikkje overstig  $L/B = 3$ . Dersom dette forholdet blir større, altså bygget blir veldig langt, kan det bli nødvendig med meir omfattande festedetaljer mellom vegg og fundament. Det kan også bli aktuelt med innvendig tverravstivande veggar. Alt dette er i stor grad avhengig av dei horisontale kreftene som ofte vil være vinden. Vegglementa i denne oppgåva blir ofte nytta i byggverk med

bokssystem som avstivingssystem. Her er det tynne, høge stående sandwichelement godt egna ettersom det er ønskjeleg med store opne rom samstundes som dei vertikale lastene er små.

I eit tenkt tilfelle med eit bygg på 60\*24 meter vil dei største vindlastene bli forårsaka av sug. Gitt at dette bygget står i Klepp kommune, strekker seg 10m over bakkenivå og ligg i opent terrenget vil det sannsynlegvis bli dimensjonert for ei vindkraft på  $1,35\text{kN/m}^2$ .<sup>1</sup> Som vist på figur 2 blir dei horisontale kreftene som verkar på dei høgaste veggane  $1,08\text{kN/m}^2$ .




Figur 1: Eit tenkt bygg kor elementa i denne oppgåva kan vera aktuelle. Her ville dei stått på kortsida ved porten.



Figur 2: Vindlaster når vinden treff langsida og er på  $1,35\text{kN/m}^2$ . Elementa i denne oppgåva ville her blitt utsett for ei kraft på  $1,08\text{kN/m}^2$

<sup>1</sup> Desse verdiane er berekna utifrå NS-EN 1991-1-4:2005+NA:2009 tillegg V.



Figur 3: Vindlaster når vinden treff kortsida og er på  $1,35\text{kN}/\text{m}^2$ . Elementa i denne oppgåva ville her blitt utsett for ei kraft på  $0,95\text{kN}/\text{m}^2$

## Samvirke

Veggelement blir analysert som enten med samvirke, utan samvirke eller med ein viss grad av samvirke. Ein vegg med fullt samvirke vil ha tilnærma same styrke og stivheit som ein kompakt vegg av same tjukkleik. Ein vegg utan samvirke vil ha tilnærma lik styrke og stivhet som den totale tjukkleiken til begge betongsjikta i veggen. Ein vegg med delvis samvirke vil dermed ha større stivhet og styrke enn ein vegg utan samvirke, men mindre enn ein vegg med fullt samvirke.

I ein vegg utan samvirke vil ein ofte anta at berre eit sjikt, ofte innersjiktet, er bærande, medan det andre berre er der for estetikken sin del og for å beskytte isolasjonen. Det er innersjiktet som bærer alle dei vertikale lastene og som tar opp eventuelle seismiske laster og andre store horisontale laster. Vindlastene blir vanlegvis tatt opp i yttersjiktet og overført til innersjiktet. Korleis dei blir overførte og kor tidlig det skjer, altså kor mykje yttersjiktet bøyar seg før kreftene blir overført, er avhengig av graden av samvirke. Dersom veggen er heilt utan samvirke vil yttersjiktet bøye seg forholdsvis mykje før kreftene blir overført. Når dei først blir overført blir dei som ei jamt fordelt last på innersjiktet. Innersjiktet er derfor tjukkare enn yttersjiktet. Typiske dimensjonar er 200mm for innersjiktet og 80mm for yttersjiktet. Det finnes unntak kor begge sjikta er tilnærma like tjukke. Dette gjeld gjerne låge veggar og her blir dei horisontale lastene jamt fordelt på sjikta etter kor stive sjikta er. Veggen er framleis utan samvirke og begge sjikta kan derfor analyserast separat som enkle kompakte veggar.

For veggar med fullt samvirke og delvis samvirke antar man at alle lastene fordeler seg jamt gjennom tverrsnittet. Horisontale, aksiale og temperaturlaster skapar spenningar i sjiktforbinderane som overfører kreftene mellom sjikta. I tillegg kjem moment, skjær og aksialspenningar i sjikta som

også blir overført. Ettersom sjikta i ein vegg med samvirke er avhengig av kvarandre blir analysen av ein sånn type vegg meir komplisert, men så lenge ein antar at det er fult samvirke lar det seg greitt gjera. Samvirke i eit sandwichelement blir dermed eit samarbeid mellom yttersjiktet og innersjiktet. I praksis er det ofte vindkreftene som verkar på det eine sjikket og blir overført til det andre sjikket som i størst grad utnytter samvirke. I tilfelle med jordskjelv vil også dette utnytte samvirket.

Uavhengig av om det er samvirke eller ikkje vil dei vertikale kreftene på yttersjiktet bli overført til innersjiktet og vertikalkreftene som verkar på innersjiktet vil berre gå gjennom innersjiktet og ned i fundamentet eller det som veggen står på. Det finnes unntak kor yttersjiktet bærer aksiallastene, men dette er sjeldan.

Denne overføringa av krefter skjer hovudsakleg gjennom sjiktforbindene. Dei er altså i stor grad med på å bestemme graden av samvirke. Type sjiktforbindar, kor lange dei er og kor tett dei står er avgjerande faktorar for kor stor grad av samvirke ein kan oppnå. Indirekte er dermed også tjukkleiken på isolasjonen med å bestemme kor bra samvirke blir, men dette er fordi tjukkare isolasjon gir lengre sjiktforbindarar. Heft mellom betongen og isolasjonen er også med på å styrke samvirke. Dersom ein ønskjer å kome så nære fult samvirke som mogleg kan ein også legge til soner i veggen kor betongen er gjennomgåande. Gjennomgåande betong blir som ein kompakt vegg og har derfor fullt samvirke. Det vil likevel være sånn at områda mellom desse gjennomgåande sonene ikkje vil oppnå fult samvirke og veggen i sin heilhet har dermed berre delvis samvirke.

Det har vore vanlig å bruke ein type sjiktforbindar som heiter PDM-forbindelsesstigar, også kalla for bare stige. Desse verkar som eit bindingsverk mellom sjikta og gjer at heile veggan kan bli sett på som ein stålbjelke kor betongsjikta er flensane og sjiktforbindaren er steget. Når diagonalane i desse stigane står tett nok og stigane også står med liten avstand mellom kvarandre (maks 600mm) [2] blir graden av samvirke relativt stor. Stigane er ofte metalliske, men finnes også i glasfiber. Andre typar sjiktforbindarar som bøylar og anker finnes også, men desse gir mindre grad av samvirke. Nyleg har det derimot blitt tatt i bruk ein type sjiktforbindarar av glasfiber som minner meir om ein rett pinne som går vinkelrett eller på skrå gjennom isolasjonen frå betongsjikt til betongsjikt. Nokre av desse har også vist seg å kunne skape ein viss grad av samvirke og det er desse som skal testast ut i denne oppgåva.

Sjiktforbindarar kan overføre vertikale laster, horisontale laster eller begge deler. Dei overfører både moment-, skjær- og aksialkrefter og fordelar desse jamt mellom yttersjikt og innersjikt utifrå stivheita og grada av samvirke. Dette førar også til at kreftene blir mindre i kvart sjikt enn kva det ville blitt dersom det ikkje var samvirke og alle kreftene dermed hadde blitt tatt opp i eitt sjikt. Ei enkel samanlikning kan gis ved å sjå på eit veggelement med skjærnøkklar med kraftoverføring til to søyler. Ein skjærnøkkelen kan for eksempel vera gjennomgåande betong. Ved å anta at veggan er fritt opplagt ved kvar søylen kan me sjå på veggan som ein bjelke. Den vanlige formelen for maksimalt moment for ein fritt opplagt bjelke med jamt fordelt last, som er tilfellet med vind, er  $q^*l^2/8$ . Med bruk av fult samvirke, som er tilfellet med skjærnøkkelen, endrar formelen seg til  $q^*l^2/32$  [3]. Momentkretene blir 25% av kva det ville vore utan samvirke. For skjærkretene sin del er dei  $q^*l/2$  for vanlege bjelkar og  $q^*l/4$  for kvart sjikt i ein vegg med samvirke.

Det er i praksis ikkje mogleg å oppnå verken fullt samvirke eller null grad av samvirke ettersom fullt samvirke vil seie at isolasjonssjiktet har same stivhet som betongen og null samvirke betyr at det stivheten til isolasjonen og sjiktforbindene er null, noko som berre er tilfellet for luft. Dei fleste formular, utrekningar og framgangsmetodar blir dermed berre vegleiande. Det vil derfor ofte bli nødvendig å samanlikne teoretiske resultat frå utrekningar med ikkje-samvirke med resultat frå utrekningar med samvirke og plassere seg ein stad i mellom. Dette er viktig blant anna når ein ser

på krumming ettersom samvirke vil auke dette. Ved å betrakte eit element med konstant tverrsnitt, små deformasjonar og vilkårleg tverrsnitt og materialeigenskapar kan ein rekna seg fram til kor mykje krumming elementet vil få. Denne krumminga er ein følgje av langtidseffekter som svinn og temperaturendringar. (Følgjande formel og utleding er tatt i frå Betongelementboken bind C 2013)

- $1/R = (\varepsilon_2 - \varepsilon_1)/z = \Delta\varepsilon/z$
- $\delta = l^2/8R = l^2 * (\varepsilon_2 - \varepsilon_1)/8z = l^2 \Delta\varepsilon/8z$
- $R$  er krummingsradius, konstant
- $1/R$  er krumminga
- $\delta$  er utbøyninga
- $\varepsilon_1$  og  $\varepsilon_2$  er tøyning i avstand  $z_1$  og  $z_2$  frå nøytralaksen
- $\Delta\varepsilon$  er  $\varepsilon_2 - \varepsilon_1$  som er tøyingsdifferansen
- $z_1 + z_2$  er avstanden mellom nivåa med tøyning  $\varepsilon_1$  og  $\varepsilon_2$ , altså avstanden mellom midten av sjikta

Tøyingsdifferansen  $\Delta\varepsilon$  er eit produkt av ein faktor,  $k_1$ , som kjem av graden av samvirke og faktoren  $\Delta\varepsilon^*$  som har med drivkrafta å gjør. Verdien for denne drivkrafta er usikker men er avhengig av korleis elementet er støypt og kor mykje vær og vind det skal utsettast for. Den blir i dette eksempelet satt til å vera 1. Faktoren  $k_1$  er 0,8 for element armert for samvirke, 1,0 for element med fullt samvirke og 0,6-0,3 for element lagt for å unngå samvirke.

For eit element med ei lengd på 5 meter og ein avstand mellom senter av sjikta på 115mm får me følgjande resultat for høvesvis  $k_1 = 1,0, 0,8, \text{ og } 0,3$ :


$$5000^2 * 1/8 * 115 = 27\text{mm} \quad 5000^2 * 0,8/8 * 115 = 22\text{mm} \quad 5000^2 * 0,3/8 * 115 = 8\text{mm}$$

For eit svært langt element på 10m får me tilsvarende:

$$10000^2 * 1/8 * 115 = 109\text{mm} \quad 10000^2 * 0,8/8 * 115 = 87\text{mm} \quad 10000^2 * 0,3/8 * 115 = 33\text{mm}$$

Me ser at utbøyninga aukar drastisk ved lange element og også ein god del med samvirke. Nå har det vist seg av erfaring at lange element ikkje får fullt så mykje utbøyning som formlane skulle tilseie. Det er også fleire andre faktorar som avgjer krumminga til ein vegg, men det blir ikkje tatt opp her.

Isolasjonen mellom betongsjikta er også med på å avgjere graden av samvirke. Grovt sett kan ein seie at låg trykkstyrke og høg stivhet gir meir samvirke. Dette betyr at isolasjonen må ha lite tøyning og små deformasjonar dersom ein skal oppnå samvirke. Ein kan sjå på det sånn at dersom stivheten til isolasjonen går mot uendelig liten vil det til slutt vera som om det ikkje er noko isolasjon



Figur 4: Utbøyning forårsaka av temperaturar, svinn o.l.

der i det heile tatt. Dette vil føre til at isolasjonen sitt bidrag til samvirke er lik null. I den andre enden, dersom stivheten til isolasjonen går mot stivheten til betongen, vil det til slutt bli fullt samvirke ettersom veggen kan bli sitt på som kompakt.

Det er fleire fordelar og ulemper med å velje samvirke. Derfor må det vurderast om fordelane er så ønskjelege at ein nærmast må ha dei og om ulempene kan godtas. Fordelane er at både nødvendig betongmengd og armeringsmengd blir redusert, noko som igjen vil gi eit billigare, lettare, slankare og meir miljøvennlig (i produksjonssamanheng) element. At elementet er lettare og slankare kan forenkle montasjedelen og auke talet element som kan bli transportert på eit lass. Dette vil igjen føre til at bygget kan reise seg raskare og stå ferdig tidligare. Tynne element vil også gi større areal inne i tilfelle kor elementa skal stå på yttergrensa av tomta.

På den andre sida vil element med samvirke ha større krumming og større varmegjennomgang. Krumminga kjem av at dersom eitt sjikt krummar seg vil denne krumminga bli overført til heile veggen og dermed vil, innlysande nok, heile veggen krumme seg. I veggar utan samvirke vil berre eit sjikt, ofte yttersjiktet, krumme seg og veggen i sin heilhet vil stå strak. Varmegjennomgangen kjem blant anna av at det krev fleire sjiktforbinderar for å oppnå samvirke. Sjiktforbinderane har, spesielt dersom dei er metalliske, høgare varmegjennomgang enn isolasjonen og desto fleire sjiktforbinderar det er desto større vil den totale varmegjennomgangen bli.

	Samvirke	Ikkje samvirke
Armeringsforbruk	Mindre	Større
Stivhet	Større	Mindre
Håndterbarhet	Betre	Dårligare
Krumming	Større	Mindre
Varmegjennomgang	Større	Mindre

Tabell 1: Fordelar og ulemper med samvirke

## Sjiktforbinderar

Sjiktforbinderar kjem i mange fasongar og med ulike eigenskapar. Dei vanlegaste er laga av metall, ofte rustfritt stål, men dei finnes også i andre materialar, for eksempel glasfiber. Hovudoppgåva er å overføre krefter fra yttersjiktet til innersjiktet, men i veggar med stor grad av samvirke vil det også gå andre vegen, altså fra innersjiktet til yttersjiktet. Utan sjiktforbinderar hadde det vore fare for at yttersjiktet ville fallt av og dratt med seg store delar av isolasjonen. Sjiktforbinderane kan overføre vertikale krefter, horisontale krefter eller begge delar alt etter kva type det er. Likt som med alt anna



Bilete 5 - Bøyle



Bilete 6 - anker



stål som er støypt inn må også sjiktforbindene ha overdekning. Dette fører til at sjikta med metalliske sjiktforbindar må ha ein tjukkleik på minimum 60mm, men ettersom innersjikten ofte er tjukkare av strukturelle grunnar og yttersjikten er utsatt for eit hardare miljø enn tørt inneklima blir typisk tjukkleik 80-100mm. Ved bruk av glasfiber kan tjukkleiken reduserast og er først og fremst avhengig av kor mykje betong sjiktforbindene treng for å få tilstrekkeleg forankring. Vanlig tjukkleik blir dermed 40-50mm.

Vanlige sjiktforbindar er bøylar, anker og stiger. Ein bøyel overfører berre horisontalkrefter, eit anker berre vertikalkrefter, medan ein stige overfører begge delar. Ofte er det stigar som blir brukt som hovudforbindelsen, medan anker og bøylar er eit tillegg der det ikkje er plass til ein stige eller det av ein annan grun er behov for ekstra sterk forbindelse. Ein bøyel vil ligge horisontalt gjennom veggen og kraftene vil derfor virke parallelt med retninga på bøyelen. Ankera og stigane derimot går på skrå gjennom sjikta og kraftene vil dermed virke med ein vinkel på retninga til forbinderane. Ein lang/høg sjiktforbindar vil i større grad kunne gå parallelt med den horisontale krafta, medan det i element med eit tynt isolasjonssjikt vil vera mogleg med sjiktforbindarar som går meir parallelt med dei vertikale kraftene. Avhengig av kor tjukk isolasjon dei skal gå gjennom vil stigane ha ein vinkel på mellom 23 og 59 gradar i forhold til det vertikale planet [4].





Figur 5 – Vinkel på lågaste og høgaste standard PDM-stige

Kapasiteten til sjiktforbindene blir rekna ut frå den aksiale kapasiteten, skjærkapasiteten og kapasiteten i eventuelle sveisar. Dei aksiale lastene skaper både strekk og trykk og ettersom ein må ta med ein knekkfaktor for trykk blir det kapasiteten i trykkretning som blir dimensjonerande for den aksiale styrken. Dimensjonerande verdi for aksial kapasitet blir dermed  $A_s * f_{yd} * \chi / \gamma$ . Skjærkapasiteten er gitt i NS-EN 1993-1-1 som  $A_v * (f_y / 3^{0.5}) / \gamma_m$ . For å finne kraftene som verkar i sjiktforbindene må ein ta omsyn til vinkelen mellom kraftene og sjiktforbindene. Me ser ut frå dette at dersom stigen har liten vinkel i forhold til dei vertikale kraftene vil han ha mindre kapasitet til å ta opp horisontale krefter. I sånne tilfelle kan det vera aktuelt å bruke ekstra bøylar. I motsett tilfelle kor stigane har stor vinkel i forhold til dei vertikale kraftene vil dei i stor grad kunne ta opp dei horisontale kraftene, men har problem med dei vertikale kraftene. Her vil det kunne bli aktuelt med ekstra anker. Samstundes stilles det krav til maksimum avstand mellom stigane. Dette fører til at stigane blir ståande så tett at



Figur 6 – CC 180-40-80-60, ein av dei nye sjiktforbinderane.



Figur 7 – CC 140-40-50-50, ein av dei nye sjiktforbinderane


det sjeldan er nødvendig med ekstra anker elle bøylar for å kunne overføre kreftene. Typisk avstand mellom stigar er 120cm for element utan samvirke og 60cm for element med samvirke. [5]

Sjiktforbindene som i denne oppgåva skal erstatte PDM bøylar og anker er levert av Thermomass® og er laga av glasfiber. Thermomass® leverer fleire typar sjiktforbindarar, men dei som blir nytta her er CC-serien ettersom desse er mest effektive for å oppnå samvirke. Desse sjiktforbindene ser ut som nokre breie pinnar eller små plate, sjå figur 6 og 7, og får dermed ein sterkt akse og ein svak akse. Dette er for så vidt likt som med PDM-stigane som også har ein svak akse og ein sterkt akse og gjer at dei må plasserast riktig veg for å bli riktig utnytta. CC-serien krevje at betongsjikta er minimum 50mm for å få tilstrekkeleg forankring. Dette gir ei overdekning på ca. 1 cm noko som er heilt utenkjeleg for metalliske sjiktforbindarar. Dei kan nyttast til isolasjonstjukkleiker frå 50mm til 200mm, men samvirke blir sterkt redusert når ein overstiger 75mm. Tverrsnittet er relativt stort,  $306\text{mm}^2$ , og vil derfor kunne gi omtrent like store kuldebruer som PDM-stigane på tross av at materialet har låg varmekonduktivitet,  $\lambda=1 \text{ W/mK}$  [6].

## Analyse av sandwichelement


Å analysere eit sandwichelement påverka av berre horisontallaster er rimeleg enkelt enten det er med elle utan samvirke, men det er nokre forskjellar. Å analysere eit element med delvis samvirke, som i praksis alltid er tilfellet, er derimot meir innvikla. Ofte vil det være nødvendig å analysere den aktuelle veggan både som om han har fullt samvirke og som om han er heilt utan samvirke. Deretter må ein plassere seg ein stad mellom desse to avhengig av tjukkleiken på isolasjonen, type isolasjon, type sjiktforbindar, kor tett sjiktforbindene står og tidligare erfaringar.

For ein vegg utan samvirke vil ytre moment bli fordelt på betongsjikta etter kor stive dei er. Det vil sei at det indre momentet i kvart sjikt er direkte proporsjonalt med tjukkleiken og E-modulen til sjikta. Herifrå er det enkelt å finne både spenninga i kvart sjikt den totale nedbøyingen til elementet.



Figur 8: Spenning i sandwichelement utan samvirke gitt at aksiallastene er 0.

For ein vegg med fullt samvirke vil spenning- og tøyingsfordelinga vera lineært fordelt gjennom tverrsnittet. Ettersom den utvendige lasta fordelar seg jamt over heile tverrsnittet vil det ikkje bli noko klar separat fordeling av moment til kvart sjikt. For å finne ut kor mykje isolasjons/sjiktforbindere sjiktet må tåle kan ein nytte vanlig horisontal skjær berekning [7].



Figur 9: Spenning i sandwichelement med samvirke gitt at aksiallastene er 0.

Desse berekningane er derimot berre gyldige dersom det ikkje er noko aksiallast tilstade. I veger vil dette i praksis aldri vera tilfellet ettersom dei vil måtte bære si eiga vekt. Når eit element blir utsatt for både aksialkrefter og momentkrefter blir det aktuelt å nytte MN-diagram. Desse diagramma er vanlige å bruke for søyletverrsnitt og gir eit godt bilet av kva belastningar som er mest gunstige for søyla og kor grensa går for kva søyla kan bære. I motsetning til ein isolert vegg finnes det ikkje isolasjon i søyler. Det er dermed ikkje rett fram å nytte MN-diagram i isolerte veger. I denne oppgåva er det likevel forsøkt å bruke nettopp eit MN-diagram for å finne kva laster veggan vil tåle. Eit anna problem som oppstår her er at tverrsnittet ikkje er symmetrisk. Det blir derfor nødvendig å dele opp tverrsnittet i to seksjonar: Søyleseksjonen langs kanten av elementet og plateseksjonen i midten. I tillegg må kvar seksjon analyserast både ved å anta fullt samvirke og ved å anta at det ikkje finnes noko samvirke. Både under forsøka som blei utført og i praksis bruk vil det berre vera innersjiktet som blir belasta med ytre aksiale krefter. Når ein antar null samvirke kan ein derfor sjå på yttersjiktet som ein fritt opplagt bjelke/plate utan aksialkrefter. MN-diagram blir derfor unødvendig for yttersjikta her utan samvirke. Analysen utført for å finne kapasiteten utan samvirke er derfor berre utført på innersjiktet. Analysen utført for å finne kapasiteten med fullt samvirke er utført på heile tverrsnittet oppdelt i søyleseksjonen og i plateseksjonen.

I tillegg til at isolasjonen gjer det utfordrande å analysere kapasiteten til veggan har også to av veggane fiberarmerte yttersjikt utan konvensjonell stålarmering. Dette fører til at det ikkje blir eit klart avgrensa område med strekkapasitet. Ein blir dermed tvungen til å ta med strekkapasiteten til betongen. Denne skal i teorien vera noko høgare for betongen når det er fiber i [8]. Dette er også bekrefta av underteiknande for betong i klassen B35 [9]. Samstundes ser det ut til at for sterke betong, B55-B60, hjelpe fiberen lite eller ingenting på strekkapasiteten [10]. Resultata frå trykktestane til elementa i denne oppgåva (sjå resultat kapittelet) viste at betongen hamnar i klassen B30 – B35 på testdagen og dermed vil fiberen hjelpe på strekkapasiteten. Korleis ein på ein mest mogleg riktig måte skal overføre denne strekkapasiteten til berekningane i MN-diagrammet er ikkje heilt klart.

Framgangsmetoden blei å anta at heile den delen av tverrsnittet som blei utsatt for strekk, utanom isolasjonen, var med på å ta opp strekkraftene, ikkje berre eit avgrensa området med armering som er vanlig. Det blei også antatt at strekkraftene ikkje var like store gjennom tverrsnittet og derfor blei ein faktor på 0,8 brukt for å redusere den effektive strekksonen. Dette er heilt likt som for trykksonen kor ein også reduserer trykksonen med 0,8. For begge elementa med fiber viste det seg at den effektive trykksonen strekte seg ut til isolasjonen. Derfor blei strekksonen redusert sånn at han berre bestod av fiberbetongen i yttersjiktet. Resultantkrafta blei plassert i midten av strekksonen, eller midten av yttersjiktet, også dette i likskap med det som blir gjort for trykksonen. Ved å ta vekk armeringa i yttersjiktet forsvinn den kapasiteten denne armeringa gir og dette viser igjen på MN-berekningane. Der det i tverrsnitt med armering i både innersjiktet og yttersjiktet var tri kraftrepresentantar; betongen, armering i trykksonen og armering i strekksonen, er det nå berre to kraftrepresentantar; betongen og armeringa i innersjiktet. Dette betyr at i MN-berekningane er ikkje

sjølve fiberen med på å ta nokre trykkrefter. Det er først når det oppstår strekk at dei byrjar å virke. Dette er gjort fordi tidligare forsøk viser liten eller ingen auke i trykkfastheten til betong med fiber [11].

Armeringa i dei ulike elementa er i stor grad lik. Den store forskjellen er at yttersjiktet er armert med standard K189 armeringsnett i det eine elementet, medan det er fiberarmering i dei andre to. Det er også eit 12mm kamstål langs rand i yttersjiktet med armeringsmatta. Summen av armeringa i yttersjiktet i søylesonen blei dermed  $\pi \cdot 6^2 + 189 \cdot 0,2 = 151\text{mm}^2$ . I innersjiktet i søylesonen blei armeringa antatt å virke frå midten av søyla. Dette førte til at denne armeringa som skal vera trykkarmering i nokre av berekningane blei strekkarmering. I praksis ville to av desse fire jerna framleis hatt trykk. Resultatet i analysen ville ha blitt det same. For innersjiktet i platesonen kor det berre er eit lag med armering blei analysen utan samvirke lite aktuell. Som vist på utrekningane, «Innersjikt. Utan samvirke. Punkt 5», blir tøytingane i dette sjiktet urealistisk store.

Fiberbetongen skulle innehalde 20kg med fiber per kubikk betong. Målingar utført viser at det i nokre av sjikta er litt mindre. I analysen er det likevel antatt at det er  $20\text{kg/m}^3$  og at denne er jamt fordelt. I følgje Reforcetech™ som leverer fiberen vil strekkapasiteten til fiberarmert betong vera:

$$f_r = (0,62 + 0,20 * V_f^{0,45}) * \sqrt{f'c}, \quad < 0,82 * \sqrt{f'c}, \quad \text{der } 27,5\text{MPa} < f'c < 48,0\text{MPa}$$

der  $f_r$  er strekkapasiteten,  $V_f$  er fiberinnhaldet i % (i dette tilfellet 1,11%) og  $f'c$  er trykkfastleiken. For betongen i denne oppgåva blir dermed strekkapasiteten;

$$f_r = (0,62 + 0,20 * 1,11^{0,45}) * \sqrt{35} = 0,83 * \sqrt{35} \rightarrow 0,82 * \sqrt{35} = 4,9\text{MPa} \quad [12]$$


For ein vanlig B35 betong utan fiber er middel strekkapasitet satt til 3,2MPa i EC2. Dette gir at fiberen aukar strekkapasiteten med  $4,9/3,2 = 1,53 \rightarrow 53\%$ . I motsetning til standard jernarmering med ein karakteristisk strekkapasitet på 500MPa før flyt har framleis fiberbetongen knapt 1% av den styrken. På den andre sida er arealet til betongen i tverrsnittet mykje større enn for armeringsjernet. Som berekningane viser oppnår dermed betongen rundt 2/3 av den strekkapasiteten som armeringsjernet har i søylesonen ved flyt, medan fiberbetongen i platesonen på lang veg overgår strekkapasiteten til armeringsnettet.

## MN-diagram

Ettersom elementa skulle testast med yttersjiktet ned, sugkreftene forårsaka av vind er sterkare enn trykkrefrene (og sugkreftene skapar mest strekk i yttersjiktet) og det er yttersjiktet som er svakast er alle MN-berekningane utført med omsyn til at yttersjiktet skal få strekk og innersjiktet skal få trykk. Dette gir resultat som viser at søylesonane er mykje svakare enn platesonane. Dette kan bli noko missvisande, men den ekstra armeringa som er i søylesonane blir utnytta på ein dårlig måte når dei ligg på trykksida. Derfor får platesonen som også har eit mykje større tverrsnitt større kapasitet trass i mindre armering. I MN-berekningane er det nytta karakteristiske verdiar for både betongen og armeringa. Det er gjort ettersom det er ønskjeleg å finne den faktiske styrken til elementa under kontrollerte forhold utan å ta omsyn til dimensjonerande faktorar som langtidslast, materialfaktorar og geometriske avvik m.m. 1250, 1220 og 1180 er namna på elementa.

(Dei ulike tjukkleikane på strekane på figurane har ingen betydning)


*Innersjikt. Utan samvirke.*



Betong: B35  
 $f_{ck} = 35 \text{ N/mm}^2$   
 Armering: B500NC  
 $f_{sd} = 500 \text{ N/mm}^2$   
 $As_2 = As_1 = 402 \text{ mm}^2$   
 $C = 28 \text{ mm}$

1. Reint trykk

$$\epsilon_c = \epsilon_{c3} = 0,00175$$



$$\epsilon_y k = f_y k / E_s = 500 / 200000 = 0,0025 > \epsilon_{c3} \rightarrow \text{Ikke flyt}$$


$$T_c = f_{ck} * b * h_2 = 35 * 200 * 110 = 770 \text{ kN}$$

$$S_1 = S_2 = \sigma_{sk} * A_s = E_s * \epsilon_{c3} * A_s = 200000 * 0,00175 * 402 = 140,7 \text{ kN}$$

$$\text{Aksiell likevekt: } N_1 = T_c + S_1 + S_2 = 660 + 140,7 + 140,7 = 941,4 \text{ kN}$$

$$\text{Moment likevekt: } M_1 = 0 \text{ kNm}$$

## 2. Trykkbrot i betong



Tøyning i "strekkarmering":  $\epsilon s_1 = \frac{(110-82)}{110 \cdot 0,0035} = 0,00089 \rightarrow$  ikke flyt  
 Spennin i "strekkarmering":  $\sigma_{sk} = E \cdot \epsilon s_1 = 200000 \cdot 0,00089 = 178,2 \text{ N/mm}^2$


$$\begin{aligned} T_c &= f_{ck} \cdot b \cdot 0,8 \cdot h = 35 \cdot 200 \cdot 0,8 \cdot 110 = 616 \text{ kN} \\ S_1 &= \sigma_{sk} \cdot A_{s1} = 178,2 \cdot 402 = 71,6 \text{ kN} \\ S_2 &= f_{yk} \cdot A_{s2} = 500 \cdot 402 = 201 \text{ kN} \end{aligned}$$

$$\text{Aksiel likevekt: } N_2 = T_c + S_1 + S_2 = 528 + 71,6 + 201 = 800,6 \text{ kN}$$

$$\begin{aligned} \text{Momentlikevekt: } M_2 &= T_c \cdot (0,5 \cdot h - 0,4 \cdot h) + S_2 \cdot 0,5 \cdot h' - S_1 \cdot 0,5 \cdot h' = \\ &= 616 \cdot 0,011 + 201 \cdot 0,027 - 71,6 \cdot 0,027 = 10,3 \text{ kNm} \end{aligned}$$

## 3. Trykkbrot i betong samstundes med flyt i armering

$\epsilon_c = \epsilon_{cu3}$  og  $\epsilon_s = \epsilon_{yk}$



$$\begin{aligned} \text{Trykksonehøgd: } ad &= 3,5 / (3,5 + 2,5) \cdot d = 0,583d = 47,8 \text{ mm} \\ 0,8 \cdot ad &= 38,3 \text{ mm} \end{aligned}$$


$$\begin{aligned} \text{Tøyning i trykkarmering: } \epsilon s_2 &= \frac{(47,8 - 28)}{47,8} \cdot 0,0035 = 0,00145 < 0,0025 \rightarrow \text{ikke flyt} \\ \text{Spennin i trykkarmering: } \sigma_{sk} &= E \cdot \epsilon s_2 = 200000 \cdot 0,00145 = 290 \text{ N/mm}^2 \end{aligned}$$

$$\begin{aligned} T_c &= f_{ck} \cdot b \cdot 0,8 \cdot ad = 35 \cdot 200 \cdot 0,8 \cdot 47,8 = 267,6 \text{ kN} \\ S_2 &= \sigma_{sk} \cdot A_{s2} = 290 \cdot 402 = 116,6 \text{ kN} \\ S_1 &= f_{yk} \cdot A_{s1} = 500 \cdot 402 = 201 \text{ kN} \end{aligned}$$

$$\text{Aksiel likevekt: } N_3 = T_c + S_2 - S_1 = 267,6 + 116,6 - 201 = 145 \text{ kN}$$

$$\begin{aligned} \text{Moment likevekt: } M_3 &= T_c \cdot (0,5 \cdot h - 0,4 \cdot ad) + S_2 \cdot 0,5 \cdot h' + S_1 \cdot 0,5 \cdot h' = \\ &= 267,6 \cdot 0,0348 + 116,6 \cdot 0,027 + 201 \cdot 0,027 = 17,9 \text{ kNm} \end{aligned}$$

4. Trykkbrot i betong og dobbel flyttøyning i strekkarmering  
 $\epsilon_c = \epsilon_{cu3}$  og  $\epsilon_s = 2\epsilon_y$



Trykksonehøgd:  $\alpha d = 3,5/(3,5+5) * d = 0,412d = 33,8mm$

Tøyning i trykkarmering:  $\epsilon_s = (33,8-28)/33,8 * 0,0035 = 0,0006 < 0,0025 \rightarrow$  ikke flyt  
 Spenning i trykkarmering:  $\sigma_{sk} = E * \epsilon_s = 200000 * 0,0006 = 120,1N/mm^2$

$$T_c = f_{ck} * b * 0,8 * \alpha d = 35 * 200 * 0,8 * 33,8 = 189,2kN$$


$$S_2 = \sigma_{sk} * A_{s1} = 120,1 * 402 = 48,3kN$$

$$S_1 = f_{yk} * A_{s2} = 500 * 402 = 201kN$$

$$\text{Aksiell likevekt: } N_4 = T_c + S_2 - S_1 = 189,2 + 48,3 - 201 = 9,5kN$$

$$\begin{aligned} \text{Moment likevekt: } M_4 = & T_c * (0,5 * h - 0,4 * \alpha d) + S_2 * 0,5 * h' + S_1 * 0,5 * h' = \\ & 189,2 * 0,0415 + 48,3 * 0,027 + 201 * 0,027 = \\ & 14,6kNm \end{aligned}$$

5. Trykkbrot i betong og stor armeringstøyning  
 $\epsilon_c = \epsilon_{cu3}$  og  $\epsilon_s = 0,015$



Trykksonehøgd:  $\alpha d = 3,5/(3,5+15) * d = 0,189d = 15,5mm$

Trykkarmering får strekk. Avstand inn til trykkarmering: 28mm. Trykksone er 15,5mm. Avstand fra nøytralakse til armering er 28-15,5 = 12,5mm

Tøyning i "trykkarmering":  $\epsilon_s = (15,5-12,5)/15,5 * 0,0035 = 0,00068 < 0,0025 \rightarrow$  ikke flyt  
 Spenning i "trykkarmering":  $\sigma_{sk} = 200000 * 0,00068 = 135,5N/mm^2$


$$T_c = f_{ck} * b * 0,8 * \alpha d = 35 * 200 * 0,8 * 15,5 = 86,8kN$$

$$S_1 = f_{yk} * A_{s1} = 500 * 402 = 201kN$$

$$S_2 = \sigma_{sk} * A_{s2} = 135,5 * 402 = 54,5kN$$

$$\text{Aksiell likevekt: } N_5 = T_c - S_2 - S_1 = 86,8 - 54,5 - 201 = -181,1kN$$


$$\begin{aligned} \text{Moment likevekt: } M_5 = & T_c * (0,5 * h - 0,4 * \alpha d) + S_1 * 0,5 * h' - S_2 * 0,5 * h' = \\ & 86,8 * 0,0488 + 201 * 0,0027 - 54,5 * 0,0027 = \\ & 4,6kNm \end{aligned}$$



Betong: B35  
 $f_{ck} = 35 \text{ N/mm}^2$   
 Armering: B500NC  
 $f_{sk} = 500 \text{ N/mm}^2$   
 $A_{s1} = A_{s2} = 378 \text{ mm}^2$   
 $C = 18 \text{ mm}$

### 1. Reint trykk

$$\varepsilon_c = \varepsilon_{c3} = 0,00175$$



$$\varepsilon_y k = f_y k / E_s = 500 / 200000 = 0,0025 > \varepsilon_{c3} \rightarrow \text{armeringen flyt ikkje}$$


$$T_c = f_{ck} * b * h = 35 * 2000 * 70 = 4900 \text{ kN}$$

$$S_2 = \sigma_{sk} * A_{s2} = E_s * \varepsilon_{c3} * A_{s2} = 200000 * 0,00175 * 378 = 132,3 \text{ kN}$$

$$\text{Aksiell likevekt: } N_1 = T_c + S_2 = 4900 + 132,3 = 5032,2 \text{ kN}$$

$$\text{Moment likevekt: } M_1 = 0 \text{ kNm}$$

## 2. Trykkbrot i betong



$$\varepsilon s1 = 18 * 0,0035 / 70 = 0,0009 < \varepsilon yd \rightarrow \text{flyt ikkje}$$


$$Tc = fck * b * 0,8 * h = 35 * 2000 * 0,8 * 70 = 3920 \text{ kN}$$

$$S2 = fyk * As = 500 * 378 = 189 \text{ kN}$$

Aksiel likevekt:  $N2 = Tc + S2 = 3360 + 189 = 3549 \text{ kN}$

Momentlikevekt:  $M2 = Tc * (0,5 * h - 0,4 * h) + S * (0,5 * h - C) = 3920 * 0,007 + 189 * 0,053 = 37,5 \text{ kNm}$

3. Trykkbrot i betong samstundes med flyt i armering  
 $\epsilon_c = \epsilon_{cu3}$  og  $\epsilon_s = \epsilon_{yk}$



$$\text{Trykksonehøgd: } ad = 3,5/(3,5+2,5) * d = 0,617d = 11,1\text{mm}$$

$$0,8 * ad = 8,9\text{mm}$$

Tøyning i trykkarmering: ingen trykkarmering

$$T_c = f_{ck} * b * 0,8 * ad = 35 * 2000 * 0,8 * 11,1 = 621,6\text{kN}$$


$$S = f_{yk} * A_s = 500 * 378 = 189\text{kN}$$

$$\text{Aksiell likevekt: } N_3 = T_c - S = 621,6 - 189 = 343,8\text{kN}$$

$$\text{Momentlikevekt: } M_3 = T_c * (0,5h - 0,4 * ad) - S * (0,5 * h - C) =$$

$$621,6 * 0,0306 - 189 * 0,017 = 15,8\text{kNm}$$

4. Trykkbrot i betong og dobbel flyttøyning i strekkarmering  
